

Drivkraftstipend-vinnarar 8. juni 2026

4 stk:

- Ecosort (Sogndal)
- Emendakit (Florø/Førde)
- Rampegutta (Stryn)
- Fortloq (Gloppen)

Dette Drivkraftstipendet går til ei bedrift som viser korleis teknologi utvikla i Sogn og Fjordane kan vere med å løyse heilt konkrete utfordringar i ein av regionen sine viktigaste næringar.

Vinnaren har på kort tid utvikla avanserte løysingar for kvalitetskontroll av frukt og bær – basert på sensorikk, maskinsyn og hyperspektrale kamera. Det høyrer kanskje teknisk ut. Men i praksis handlar det om noko veldig konkret: mindre matsvinn, betre kvalitet, meir rettferdige oppgjer for dei som lagar maten vår: Bøndene. Og ein smartare og meir berekraftig verdikjede frå gard til butikk.

Juryen har særleg merka seg kombinasjonen av høg innovasjonshøgde og sterk regional forankring. Her blir teknologi utvikla av folk med teknologisk kompetanse på høgt nivå – i dette tilfellet til og med to brør! Tett på næringa sjølv, i samarbeid med lokale produsentar og aktørar i Sogn og Fjordane som Kunnskapsparken Vestland.

Prosjektet viser også noko Drivkraft ønsker å løfte fram: At framtidens vekstbedrifter – også dei teknologiske – ikkje berre kjem frå dei store byane. Dei kan like gjerne springe ut frå eit pakkeri for bær og frukt i Sogn, når ein kombinerer teknologikompetanse, gründerkraft og forståing for reelle behov i næringslivet.

Dette er framleis ein tidleg fase. Men potensialet er stort – både for ny teknologi, nye arbeidsplassar og ny verdiskaping i regionen vår.

Vinnar av Drivkraftstipendet er Gudvin og Sæmundur Haraldsson i Ecosort AS.

Drivkraft

Dette Drivkraftstipendet går til ei bedrift som har vakse fram frå noko så enkelt og så viktig som ein fagperson med jobb i det offentlege, som såg eit problem i kvardagen sin og nekta å la det passere.

Ho som hadde ideen som var starten på bedrifta er jordmor og sjukepleiar, busett i Florø og med lang erfaring frå helsevesenet både i Noreg og internasjonalt. Då ho opplevde at ein pasient fekk allergisjokk, oppdaga ho at det akutte beredskapsutstyret var både utdatert, uoversiktleg og vanskeleg å finne. I staden for å tenke at “nokon burde gjere noko”, tok ho sjølv ansvar.

Resultatet er ei løysing som allereie er teken i bruk ved sjukehusa i Helse Førde, utvikla gjennom tett samarbeid med fagmiljø, industripartnarar og inkubatormiljøet i Aksello i Florø. Og ikkje minst ved at ho fekk med seg ein viktig partner i etableringa av bedrifta: Ein engasjert anestesilege ved Førde Sentralsjukehus.

Juryen har særleg merka seg kombinasjonen av sterk samfunnsnytte, høg fagleg truverd og eit tydeleg potensial for vekst.

For dette handlar ikkje berre om eit produkt. Det handlar om tryggleik, pasientsikkerheit og betre beredskap, men også om noko større: Kor viktig det er å få fram meir innovasjon frå innsida av helse- og velferdstenestene våre. Vi treng fleire som ser behov i kvardagen, og som vågar å byggje nye løysingar rundt dei.

Vinnar av Drivkraftstipendet er Kjersti Grinde og Gregers Halvorsen i Emendakit AS.

Drivkraft

Det er noko befriande over prosjekt som berre OSAR av skapartrøng og gjennomføringsevne. Vinnarane av dette Drivkraftstipendet har ikkje brukt tida på lange utgreiingar eller perfekte powerpointar. Dei har byrja med å bygge, teste, samarbeide – og kome seg ut i marknaden.

Vinnarane arbeider til dagleg med noko så tradisjonelt og rotfesta på Vestlandet som møbelproduksjon, men har no tatt steget inn på eit nytt område. Dei har via nettverket sitt blitt kjent med skate- og actionsportmiljøet, og utvikla ei løysing som både er smart, enkel og genial. Med eit eigenutvikla låsesystem kan skateboard-ramper monterast raskt – utan skruar, utan kompliserte byggjeprojekt, og utan millionbudsjett.

Juryen har særleg merka seg kombinasjonen av samfunnsnytte og internasjonalt potensial. Dette handlar om aktivitet, fellesskap og lågterskel møteplassar for ungdom – men også om produktutvikling, design og industriell tenking med røter i Stryn, Nordfjord og Sogn og Fjordane.

Og kanskje er det nettopp det verda treng meir av: Folk som ser ut på ein parkeringsplass, eit skuleområde eller eit festivalområde og tenker to ting:

1. «Her går det an å gjere noko stilig som ingen har gjort før.»
2. «Hei! Vi kan lage det i dag og selje det til heile verda i morgon!»

Vinnar av Drivkraftstipendet er David Sigurdsson og resten av gjengen i Rampegutta AS.

Drivkraft

Det juryen har merka seg med denne Drivkraftpris-vinnaren, er ikkje berre den teknologiske kvaliteten. Det er også folka bak. Dette er gründarar som har bygd teknologi- og sikkerheitsløysingar før, og som tydeleg har både gjennomføringsevne og gründerinstinkt i blodet. Dei har forstått noko mange undervurderer: At det ikkje held å ha ein god idé. Du må også klare å bygge lag rundt deg, og du må lynraskt ut i marknaden.

Kva det handlar om? La meg prøve å forklare det slik: Kvar dag kjem skip frå heile verda til norske hamner. Og kvar dag blir tilgang til sikra område handtert med manuelle rutinar, delte kodar og løysingar som eigentleg ikkje held mål i ei tid med skjerpa sikkerheitskrav. Vinnarane av dette stipendet har sett dette problemet – og bestemt seg for å løyse det.

På kort tid har dei knytt til seg pilotkundar, teknologipartnerar, hamner, kompetansemiljø og investormiljø, frå Florø til Narvik. Dei bygger ikkje berre eit produkt. Dei bygger eit økosystem rundt løysinga si.

Samtidig er ambisjonsnivået skyhøgt. Her snakkar vi om avansert B2B-teknologi utvikla frå Breim i Nordfjord, for ein marknad som i første omgang omfattar hundrevis av norske hamner, men som i realiteten er europeisk og global. ISPS-regelverket gjeld over heile verda – og snart rullar EU ut felles regelverk for hamnetryggleik i heile Europa.

Og kanskje er det litt typisk for Sogn og Fjordane også: At nokon sit i Breim – ei bygd ikkje akkurat kjent for yrande hamnetrafikk – og utviklar verdsleiande teknologi for internasjonal hamnesikkerheit. Utan å gjere så veldig mykje vesen av det. Dei berre gjer det.

Uansett: No får dei drahjelp med på vegen og velfortent plass i rampelyset:

Vinnar av Drivkraftstipendet er Sindre Seppola Reed og resten av gjengen i FORTLOO.